Til slutt vil vi nevne den utvikling som har funnet sted her i fylket når det gjelder bruk av nye konstruksjoner og byggemåter.



De største problemene ved ferjekaiene knytter seg vel til fenderkonstruksjonene. Ferjene blir stadig større, ofte med enorme overbygg og dermed voldsomt vindfang, og kravet om en "bløt" fending som samtidig er i stand til å ta opp bevegelsesenergien fra en slik koloss i sig er ikke lett å fylle. De tradisjonelle lastebildeck brukes fortsatt, og en forsterker stadig selve veggen med tykkere plater og (som her) med kraftfordelende bjelker.

"Strekk"syylinderne som nå brukes sammen med automatikkanlegget har den fordel at alt er over sjøen, og korrosjonsskadene er nå minimale.

De gamle mekaniske vinsjene på våre mange ferjekai er til dels upålitelige, og det har vært en enorm fordel at disse nå er erstattet med hydraulisk spill. Hele heiseanordningen ellers kan beholdes uendret ved denne fornyelsen.



- I 1963 var vi første fylke til å benytte hydraulisk løfteanordning på bilbruene. Samtidig ble det konstruert et automatisk system for heving og senking av bruene. Dette systemet, **innbefattet automatisk sperrebom**, er siden stadig forbedret, slik at en vel idag kan si å ha nådd fram til en brukbar løsning. Så godt som alle nye kaier utstyres i dag med hydraulisk løfteanordning av typen med opphengte strekksylindre. Dette systemet, som er konstruert av oppsynsmann Dahl, ser nå også ut til å slå gjennom i andre fylker.
  
- Her i fylket er også konstruert et hydraulisk løftesystem for våre galgekaier, og dette er det arbeidsformann Arne Lønsethagen ved vegsentralen som skal ha æren for.
  
- Videre er det en rekke mindre detaljer, som opplager og låseanordninger, samt praktiske hjelpemidler på forskjellige trinn av arbeids- og monteringsstadiene som er konstruert.

Det er i det hele tatt en mengde gode forslag til forbedringer som er kommet fra folk med innsikt og lang erfaring fra arbeidet.

Behov for å koordinere og nytte alle gode løsninger på landsbasis er utvilsomt til stede. For om mulig å komme fram til mest mulig standardisering ble det i 1972 nedsatt et utvalg med mandat til å utarbeide retningslinjer for det videre arbeid med prosjektering og bygging av ferjekaier, og forsøke å komme fram til standard mål, dimensjoner, og konstruksjoner. En foreløpig innstilling foreligger nå til uttalelse, og det er å håpe at de retningslinjer som måtte bli resultatet av dette arbeidet, skal kunne komme til nytte ved framtidig ferjekaibyging.

# Om samarbeidet mellom televerket og vegvesenet

Vegvesenet har så å seie dagleg kontakt med mange andre offentlege etatar. Ein av desse er televerket. "Veg og Virke" har hatt ein samtale med telesjefen i Romsdal teleområde, Einar Schumann, og han hadde etter samtalar med sine avdelingsleiarar ein del interessante synspunkt på samarbeidet mellom dei to etatane. Her følgjer eit redigert utdrag av det som samtalen dreia seg om:

Først vil eg få seie at vi generelt tykkjer vi har eit svært godt samarbeid med vegvesenet. For oss som er stasjonert her i Molde og har Romsdalsdistriktet som arbeidsfelt, er det jo svært lett å oppnå kontakt fordi vi har vegkontoret i samme byen, og nærast kan gå og prate med folk frå vegvesenet. Noko verre er det sikkert for dei som opererer på Søre Sunnmøre eller opppå grensa mot Trøndelag. Vegvesen og televerk har felles interesser i det å føre fram samband mellom ulike byar og bygder. Vi har gått hand i hand både høgt og lågt frå gammalt av, i og med at televerket har hatt sine stolpekursar langs vegane. Her må ein og nemne at dette ofte har vore til sjenanse for vegvesenet i neste omgang, når vegen har vorte for smal og treng utviding. Då står våre stolpekursar i vegen for utvidinga. I nyare tid har det vorte vanleg at vi stort sett følgjer vegane med jordkablane som etter kvart skal erstatte stolpekursane. I andre land er ofte post- og televerk slått saman i samme etat, men i denne samanhengen slår det meg at det her hos oss like gjerne kunne vere vegvesen og televerk som var slått saman.

## SKILTING FOR TALE- OG RIKSTELEFONSTASJONAR

Når det gjeld samarbeidet mellom oss og vegvesenet vil eg først komme inn på noko som eg sjølv har vore med på. Det gjeld skilting av tale- og rikstelefonstasjonane våre utover på bygda. Vi har her hatt eit svært fint samarbeid, og eg vil særskilt nemne tidlegare oppsynsmann Jon P. Øveraas. Vi reiste saman over heile teleområdet og såg på korleis vi best skulle skilte for tale- og rikstelefonstasjonane slik at vegfarande turistar og andre som ikkje er heilt lokalkjende lett skal kunne finne fram til dei stadene der dei kan bli ytt slik service. Så godt som alt det vi såg på og vart einige om på desse turane, er no blitt gjennomført slik at vi kan yte den service vi ønskjer på dette feltet.

## PLASSERING AV KIOSKAR

Også når det gjeld plassering av automat- og friluftskioskar vil eg seie at samarbeidet med vegvesenet er utmerka. Vi prøver så langt det er praktisk mogleg å plassere automatkioskane i lovleg avstand frå vegen, og når det av og til hender at vi av ymse grunnar må legge kioskane nærare vegen, så har vegvesenet vore svært greie å ha med å gjere i hand-saminga av dispensasjonssøknadene våre, og vi har alltid fått innvilga desse søknadene når vi har hatt tilstrekkeleg grunn for det.

## AVKJØRSLER

Men vi har ikkje så lett for å forstå argumentasjonen til vegvesenet når det gjeld avkjørsler til automatkioskane våre. Vi er sjølvstakt klar over at ei avkjørsle representerer ein fare for trafikken og går ut over tryggleiken langs vegen, men når det gjeld våre avkjørsler til automat-

kioskane, så ser vi ikkje at det er noko stort problem. Vi er der med ein einskild mann kanskje berre ein gong i månaden og då plasserer han bilen sin i denne avkjørsla i ein times tid før han reiser sin veg att. Det ville heller vere eit trafikkproblem dersom han måtte plassere bilen på vegen.

#### SEIN SAKSHANDSAMING

Handsaminga av våre søknader om dispensasjon og avkjørsler, tykkjer vi er noko sein. For å ta eit døme så gjekk det 3½ månader frå vi søkte til vi fekk svar når det galdt ein kiosk ute i Fræna no nyleg, og det må ein ha lov å seie er for lang tid.

Vi har ofte bruk for å krysse vegar med jordkablar, og der har vi eit fint samarbeid med vegvesenet, det vil seie at vi vanlegvis får ordna dei kryssingane vi er interesserte i. Men også på dette området tykkjer vi at behandlinga av søknadene våre på vegkontoret tek lang tid. Det er sommartida som er den viktigaste perioden for oss når vi skal legge ned kablar, og vi må nok innrømme at vi ofte er ute i siste liten med søknadene våre i denne hektiske sesongen, og når det då tek opp til to månader før vi får svar, så er dette til mykje hinder for vår arbeidsdrift. Vi veit at dei fleste slike søknader blir sende til vegmeisteren i vedkomande distrikt og at dette leddet i behandlinga også tek si tid. Difor har vi av og til brukt å ta kontakt med vegmeister eller oppsynsmann og fått hans klarsignal før vi sender søknad om kryssingsløyve, og opplyst i søknaden at dette er blitt gjort, for å påskunde saksgangen. Men vi synest eigentleg ikkje at dette er den rette måten for oss å gjere det på.

#### DEKKELEGGINGSPROGRAMMET

Vegkontoret har dei siste åra brukt å sende ut ei liste

over dei vegstrekningane det skal leggest fast dekke på tidleg på våren før dekkeleggingsseasonen startar. Dette er noko vi set stor pris på. Vi får lista i god tid og kan ta omsyn til dekkeleggingsprogrammet når vi skal planlegge våre kryssingar. På dette feltet kan det vel hende at vi i televerket ikkje er flinke nok til å følgje opp samarbeidet. I denne samanhengen passar det å komme inn på ein bagatell som vi kunne ønskje oss litt annleis:

#### REPARASJONAR AV VEGDEKKE

Når televerket har søkt om kryssingsløyve på ein veg med fast dekke, så får vi svar med løyve som blir gitt på visse særvilkår som er opplista i eit standardbrev. I eitt av punkta står det nærmast tilfeldig at for reparasjon av fast dekke skal det betalast så og så mykje for asfalt- og så og så mykje for oljegrusdekke pr. m<sup>2</sup>. Dette punktet er kanskje meint som ei rekning frå vegvesenet, men det har ikkje vi oppfatta. Vi såg helst at vi fekk ei særskilt, spesifisert rekning for kvar overgraving.

#### GRØFTERENSKING OG KABELBROT


Noko som har vore eit stort problem tidlegare, men som har vorte betre etter kvart, er alle avgravingar av kablar som skjedde under arbeidet med grøfterens. Tidlegare gjekk vi i angst heile sommaren for at kablane våre skulle bli øydelagde, for vi høyrde aldri noko før det var for seint og ein kabel alt var skadd eller broten av ein gravemaskin som heldt på med grøfterens. Vegane var smalare før, og vi la kablane våre i god avstand den gongen dei blei lagt, men seinare har vegen blitt utkjørt i breidda av biltrafikken og såleis har veggrøfta i neste omgang kome ut dit som kabelen låg, og då skulle det lite til før gravemaskinen skada kabelen. Men no har vi fått eit vesentleg betre samarbeid på dette

feltet. No blir vi kontakta på førehand slik at vi kan få peila og påvist kabelen før gravinga startar. I den utstrekning det er mogleg, ville vi likevel vere svært takksame dersom vi kvar vår kunne få eit oversyn over dei vegstrekningane der det er planlagt grøfterens i den kommande sommarsesongen. Dette ville gjere det lettare for oss å legge opp planar for vår eiga arbeidsdrift, og vi kunne utføre det naudsynte peilearbeidet i god tid før grøfterensingsarbeidet blei påbyrja.

Men ellers er det i dag helst ved små utrettingar og utvidingar som skjer meir eller mindre kontinuerleg at det oppstår problem. Vi har forstått det slik at vegvesenet ikkje utarbeider særleg detaljerte planar for desse arbeida. Kablane våre ligg som oftast langs den gamle vegen, og når ein svingete veg blir utretta, blir ofte delar av kabelen liggande inne i den nye veglina, og då oppstår det ofte skader eller brot. Det er framleis vårt ønskje at vi får tilsendt planar og teikningar i god tid på førehand. Det hender framleis at vegvesenet kjem og vil ha kablar flytta på dagen, og det er ikkje alltid så enkelt for oss. Televerket har etter kvart også blitt ein stor etat og vi må også utarbeide planar for vår arbeidsdrift.

#### KONFLIKT MELLOM STOLPEKURSAR OG VEGUTVIDING

Dette var litt om kablar, men så har vi også noko som heiter stolpekursar. Dei blir rett nok fjerna etter kvart som ein har høve til å legge om til jordkablar, men framleis har vi ein god del stolpekursar i drift. Når ei vegomlegging er slik at det krevst flytting av stolpekursar, så får vi som oftast alt for ein varsling om dette. Så seint som no nyleg har vi hatt døme på at vi har fått beskjed om at vi må flytte ein stolpekurs straks, utan at vi har vore merksame på det på førehand, og dette sjølv om vegvesenet då allereide har halde på med anlegget ei stund og har grave rundt stolpane slik at desse har blitt



stående midt inne i det nye vegområdet, massen rundt stolpen og jamvel låset som held stolpen fast er blitt fjerna slik at stolpen heng berre etter trådane. Slikt meiner vi ein måtte kunne unngå ved å gi beskjed i god tid.

Likeeins hender det at vi får beskjed om flytting av eit par stolpar som vi så har flytta, og litt seinare får vi så beskjed om flytting av fleire stolpar litt lenger borte i det samme området. Hadde vi fått framlagt kart og planar for heile dette arbeidet på førehand, ville det kanskje ha vist seg at vi kunne ha forenkla det heile ved å flytte heile linja noko til sides. Så dette med å gi beskjed etter kvart er heller ikkje alltid så heilt bra.

#### DEN KORREKTE TENESTEVEGEN ER OGSÅ DEN RASKASTE

Noko som vi har opplevd ofte, også så seint som no i sommar, er at vi berre får muntleg førespurnad direkte frå vegoppsynsmann til vår arbeidsavdeling på staden, og dette er ikkje tilfredsstillande. Vår arbeidsavdeling har nemleg ikkje høve til å gjere noko på eiga hand etter slik direkte kontakt. Dei må få utarbeidd planar frå vår planavdeling for all slik flytting av stolpekursar, og difor er det like snart å vende seg til vår planavdeling når det er snakk om flytting av stolpekursar. Vi har eit levande inntrykk av at vegvesenet sine folk trur at vi når som helst kan stå på spranget for å flytte stolpekursar på dagen, og det er ikkje så lett å få til. Dessutan er det jo også eit spørsmål om det er rett at oppsynsmennene skal vende seg direkte til oss, i staden for å gå vegen om vegkontoret som så sender skriftleg krav om flytting til oss.

Det vi altså er ute etter både når det gjeld jordkablar og stolpekursar er å få oppmoding om peiling, påvising eller flytting skriftleg og i god tid, slik at vi både kan utarbeide skikkelege planar for dei aktuelle oppgåvene og passe dei inn i arbeidsprogrammet vårt. Ofte er dette arbeid som skal refunderast av vegvesenet som forlangar flytting, og då vil vi gjerne ha eit papir på det. Og i desse papira er vi då naturlegvis også interesserte i å få opplyst når arbeidet frå vegvesenet si side er tenkt påbyrja. Etter vårt syn skulle det vere mogleg å informere oss om arbeidet allereide med det samme stikkinga var utført.

Dette var mange klager i samband med småanlegg og vedlikehaldsmessige utbetringar, men eg vil presisere at vi ikkje har noko å klage på korkje omkring generell informasjon eller utsending av detaljerte planar når det gjeld dei store veganlegga.

#### KARTVERK OG KARTLESING

Televerket har ofte bruk for gode kart, og dette kan det vere vanskeleg å skaffe seg sjølv, men der kjem vegvesenet oss veldig fint til hjelp. Vi får låne dei spesialkarta som vegvesenet sjølve utarbeider, og dette vil vi gi vegvesenet ein honnør for. Vi er svært takksame for denne servicen. Men medan vi er inne på dette med kart, så er det noko eg gjerne vil nemne, og no skal eg seie noko stygt: Vi får ofte grunn til å tru at vegvesenet sine folk enten er heilt ukyndige kartlesarar eller hjelpelause brukarar av målebandet. Vi blir spurt om det ligg kabel der og der, og så leverer vi eit tracékart der kabelen er nøyaktig innteikna og utmålt så å seie på centimeteren i høve til faste punkt. Men likevel er ikkje dette godt nok, og så må vi ut og peile kabelen i marka, og det må ein vel kunne kalle smør på flesk. Og likevel hender det at kabelen blir avgraven på stader der han er både peila og kartlagt, og det er no heller trist for alle partar.



No kan ein sjølv sagt skyte inn her at vegvesenet brukar nokså mykje maskinentreprenørar og at det er desse som gjer seg skuldige i slike bommertar, men overfor både oss og publikum er det likevel vegvesenet som er ansvarleg.

#### FRAMTIDSØNSKJE

Til slutt vil eg få lansere ein ønskjedraum: Televerket har hittil i svært stor grad fylgt vegane med kablar, fordi vi på den måten slepp unna problemet med grunnerverv. Og det eg ser som eit stort framtidsønskje er at ein kunne komme så langt i samarbeid at det å bygge veg, enten det gjeld heilt nye anlegg eller berre utbetring og omlegging av gammal veg automatisk inneber at det samstundes blir lagt ned eit kanal- eller rørsystem langs med vegen der televerket har høve til å komme med kablane sine, enten det no gjeld flytting av eksisterande kablar eller framtidig plassering av nye kablar. Og at det då også ved store vegkryss og på stader med tett busetnad i nærleiken av vegen blei lagt ned rør for kryssing av vegen. Når ein har eit slikt rørsystem, slepp ein å komme opp i den situasjonen som ofte oppstår i dag, nemleg at ein kabel som blei lagt for tildømes 5 år sidan er sprengt i dag, og så må vi til å grave i sterkt trafikkerte vegar og bygater for å skifte eller supplere kabelen. Med eit rør- eller kanalsystem langs vegen, unngår ein all framtidig graving, og kan berre trekke gjennom ny kabel når det måtte passe, utan å vere til hinder for trafikken.

Bakgrunnen for denne tanken er bortsett frå dei reint praktiske føremuner ein kunne oppnå, også ei samfunnsøkonomisk vurdering. Når veganlegget er i gang, har ein maskiner på staden, og då går det mest for det samme å legge rør langs vegen, men dersom vi skal komme og grave etter at vegen er ferdig, så representerer dette samfunnsmessig sett ein unødvendig stor kostnad.


Dersom ein kunne utvide samarbeidet mellom våre etatar til også å omfatte dette som eg her har skissert og elles komme endå meir bort frå den båsmentaliteten som tidlegare har prega dei ulike offentlege etatane, og heller ha klart for seg at vi alle tener det samme samfunnet, så ville vel alle partar tene på det.

## Samband for Magerøy.

Magerøy ligger på nordvestsida av Otrøy i Midsund kommune. Kommunen har i lang tid arbeidet med planer om å knytte Magerøya til Otrøy med et veg- og brusamband.

I 1973 ble det gitt grønt lys for anlegget. En var da kommet fram til en finansieringsplan, hvor det foruten tilskott fra kommunen og fylket, blir gitt midler fra Landbruksdepartementet, Statens Havnevesen samt Kommunaldepartementet/Samferdselsdepartementet i form av distriktsutbyggingsmidlar.

I februar i år startet så arbeidet på vegen. Første etappe Hamnen - Risvik - Magerøysundet omlag 2 km er allerede planert. Det er utført i vegvesenets regi. Neste etappe, fylling over Magerøysundet, 350m, er allerede i gang. Dette



arbeid er satt vekk på entreprise. Til nyttår ventes Magerøya å være landfast med Otrøy. Det står da igjen å bygge ei lita bru for småbåter i fyllinga, samt sikre heile fyllinga med rekkverk. Siste etappe av forbindelsen blir så bygging av omlag 1 400 m veg på Magerøy. Fullføring av anlegget venter en skal skje i 1975.

Overslaget for hele anlegget lyder på kr 1 060 000,-.

Magerøy har 6 gardsbruk på 180 da. dyrka jord og 280 da. dyrkbar jord.


Innbyggertallet på Magerøy er idag ca 25 personer, men det er en del hus som står tomme og som vil bli tatt i bruk når vegsambandet er etablert.

En får håpe at dette har vært en riktig investering, slik at livet kommer til å blomstre som aldri før på Magerøy.

Tekst: Kristian Furland

Foto: Romsdals Budstikke

## «Vegstubben»



En handelsreisende fra Ålesund var på tur til Vigra. Da han passerte gjennom et tun var han uheldig og kjørte over ei høne. Han tok høna, som var temmelig flatttrykt, i hånda og gikk inn i huset for å gjøre opp for seg. En gutt lukket opp døra. Er det Deres høne ?, spurte mannen. Gutten betraktet høna, ristet på hodet og svarte: "Oss he ikkje so flate høne oss".

# Kontorlandskap... igjen

Hva svikter mest, - er det selve kontorlandskapet eller er det vi som holder til i det ?

Når eneboeren forlater sitt bosted for å flytte inn til byen og søke fellesskapets fordeler og ulemper, - ja så må han nødvendigvis omstille seg noe og tilpasse seg fellesskapets mønster dersom han skal overleve.

Når vegvesenets funksjonærer nå engang skulle inn i dette kontorlandskapet, - så er det også helt nødvendig for vår egen del at vi omstiller oss noe og tilpasser vår daglige oppførsel til det som var forutsetningen for "et liv i kontorlandskap".

Er så dette skjedd ? - NEI !

Det ER nemlig ikke nødvendig

- å snakke så høgt i telefonen at halve kontoret hører det. Å senke stemmen er fullt mulig !
- å stå oppreist ved pulten og snakke rett ut i lufta når telefonen jo likeveg befinner seg nede ved skrivebordet. Sitt ned istedet !
- å ta imot besøkende utenfor ved sin egen pult, puljevis eller enkeltvis, til stor sjenanse for de 10 - 15 nærmeste arbeidskameratene. Det er jo dette vi har møterom til !
- å føre høglydte diskusjoner med arbeidskameratene, gjerne 3 - 4 arbeidsplasser unna, uten forsøk på å dempe stemmen. Hvorfor ikke bruke pauserommene litt mer ? De er jo der til ditt bruk !
- å la telefonen kime 10 - 20 ganger når du ringer til noen. Svarer det ikke etter 3 - 4 ganger, så prøv senere eller ring naboen ! Det samme MÅ også kunne gjelde for telefoner via sentral-

Det er uforståelig at det fremdeles ikke er kommet lyssignal tilkoblet telefonen. La oss nå snart slippe at 5 - 6 mann tar av røret når én telefon piper !

ENN om vi i alle fall kunne forsøke ! - Eller skal vi fortsatt BARE skylde på kontorlandskapet?


Magne Flemsæter

## Gang-og sykkelveger

Ålesund kommune har de siste år gjort en fin innsats i trafikksikkerhetens tjeneste ved sin opparbeidelse av separate gang- og sykkelveger i Spjelkavik - Ålesund-området.


Med godt, fast dekke på vegene er de attraktive nok til at folk nytter dem, og mange andre kommuner - ikke minst byer og bygdebyer burde ta etter innsatsen på dette feltet.

I samband med åpningen av den nye "motorvegparsellen" ( -det brukes anførselstegn, for det er jo foreløpig bare 2 kjørebane) fra Fremmerholen fram til Stokke fabrikk, blir fylkets første gangbru av noe format føyet inn i systemet. Brua er av laminert tre og skal sørge for at de "myke"trafikanter trygt kan ta seg over den nye E-69.



# NVP·II ... norsk vegplan for byar og tettstader

Det å fastlegge eit system av vegar som på beste måte kan tene ein tiltenkt bruk av areal er ein viktig del av generalplanarbeidet i alle kommunar. For mindre kommunar avgrensar arbeidet seg oftast til å planlegge samlevegar som fører ned på riksvegen (fylkesvegen) gjennom bygda - for byane må også riksvegtraséen vurderast og heile vegsystemet bør få ei finare oppdeling.



Vegplan II-arbeidet skal etter føresetnadene resultere i eit fastlagt vegsystem - frå den øvste hovedvegen, gjennom hovedsamleveg og samleveg ned til atkomstveg (boligveg), det skal klårleggast kva plass bussane og eventuelt andre kollektive transportmiddel kan og bør få, og ikkje minst skal det lagast

realistiske planer for eit gang- og sykkelvegnett.

I dei 5 tettstadene i Møre og Romsdal som fekk lokale utval i 1973 må planarbeidet seiast å vere i godt gjenge:

- problema er analyserte
- hovedvegnettet har byrja å avteikne seg
- hovedsamlevegar og samlevegar er definerte
- kollektivtrafikken er under vurdering og
- eit system av gang/sykkelvegar er ført ned på kartet.

I eit par av byane er det sett opp grove overslag over naudsynte investeringar i vegnett for å få det opprusta til god brukbar standard. Utan vidare finrekning er det klårt at det er enorme pengesummar det vert bruk for i åra framover og at det må til ei streng prioritering slik at det som vert brukt av kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar iallefall blir brukt der dei gjer størst nytte.

Ein gjer rettast i å rekne med små endringar i bybiletta i komande år og vera budd på at det eksisterande veg- og gatenettet må slitast på i lang tid enno. Med aukande innbyggartal, biltal og bilbruk generelt må ein og gå ut frå at presset på dei sentrale bydelane stendig vert større. Samstundes vil kravet til betre miljøstandard ha til fylgje at det må leggest restriksjonar på både køyring og parkering. Sjølv i våre relativt små byar må folk rekne med at i det minste arbeidsreisene heretter må foregå med buss, til fots eller med sykkel.

På bakgrunn av den dårlege økonomien og ut frå ei vurdering av nytten i høve til kostnaden, er det i alle lokale utval brei semje om at anlegg som kan skilje gåande og syklande trafikantar frå biltrafikantane bør prioriterast høgt. Vona er óg at fleire av dei som i dag nyttar privatbil til arbeid, kan finna eit akseptabelt alternativ i sykkel. På Sunndalsøra til dømes, er tilhøva lagt til rette for bruk av sykkel og det syner seg her blir også sykkel brukt. Her er alt gjennomført ei trafikkregulering i hovedvegane som vil gjere det lettare for alle trafikantgrupper å finna sin rette - o g t r y g g e - plass.

I Kristiansund har riksveg 16 ein stygg ulykkesstatistikk. Her er det gjenbygd og vanskeleg å finne ny trasé for riksvegen inn til viadukten mellom Gomalandet og Kirklandet. Frå dette punktet kan imidlertid ein god del av trafikken med fordel fylgje Kranavegen langs Vågen mot sentrum.

I Molde er det alt for lang tid sidan gjort framlegg om ei framtidig hovedåre etter Øvre veg og ein erstatningsveg for Storgata - (som skal bli gågate) - langs hamna. Om denne Hamnegata skal tene som mategate til sentrum, eller om den også skal bli ein hovedtangent, er framleis under diskusjon.

Ferjeleieproblemet er tatt opp i full breidde i det lokale vegplanutvalet i Molde, og i tillegg til alternativa Grandfjøra og Reknes vil eit alternativ ved Elvemoloen/busshaldeplassen bli grundigare undersøkt.

I Ålesund er traséane for hovedvegane så godt som fastlagt; diskusjonen går mykje om sentrumsregulering, om gang/sykkelvegar, om kollektivtrafikk og om korleis alt skal prioriterast. Utvala skal ikkje berre påvise behov, men òg leggje fram konkreté handlingsprogram for dei folkevalde organ til avgjerd.

I Volda har òg hovedvegssystemet avteikna seg i store trekk. Riksveg 14 vert også i framtida viktigaste vegsambandet Volda - Ørsta, men det er kome fram sterke ynskje om ein tidsmessig veg over Krøvelseidet - serleg dersom vegen frå Austefjorden vert lagd gjennom Aldalen, om Vatne, til Ørsta.

I Ørsta har utvalet gått inn for å leggje om riksveg 655 slik at det nye krysset med riksveg 14 vert lagd sør og vest for Fjordhotellet.

Som nemnt er det klårt at tilgangen på midlar er lagt mindre enn ynskjeleg kunne vere. Den vanskelegaste delen av arbeidet med Norsk Vegplan II står såleis att, nemleg prioriteringa. Men der vil fleire ha ord med i laget, og utvala tek også sikte på å halda fram med arbeid i 1975.

Anders S. Moen

I DENNE DEMOKRATISERINGENS TID finner vi det passende som motvekt å bringe følgende sitat fra Napoleon:

"En dårlig general er bedre enn to gode".



# Endring av vegstandarden

Som kanskje kjent for mange er det i høst kommet nye retningslinjer for hvordan veger skal bygges. Det legges her opp til mer nøkternhet og sparsommelighet både når det gjelder bredder, kurvatur og stigningskrav.

Bakgrunnen for dette er ikke bare knappe økonomiske ressurser. Enkelte vegklasser har vist seg å kunne avvikle mer trafikk på en tilfredsstillende måte enn før antatt. Krav til bedre trafikkmiljø har ført til behov for separasjon av trafikken, gjerne slik at de nye veger adskilles fra lokaltrafikken og dermed ikke behøver dimensjoneres for denne. Endelig har kritisk gjennomgåelse av den ulykkesregistrering som har skjedd siden 1968 ført til at enkelte vegbreidder anses mer trafikkfarlig enn andre.

Her hos oss blir kanskje ikke følgene av endringene så store. De "flotte" vegstandarder har vi jo aldri nyttet her hos oss. Vi merker oss den nye vegklassen II E med 5,0 m kjørebane + 2 x 0,5 m bankett - altså tilsvarende det vi før kalte BIID. Denne vegstandarden er jo mye nyttet på våre utbedringsanlegg, men det må være en forutsetning at den bare nyttes der trafikkbelastningen er lavere enn veiledende kapasitetsgrense.

Ellers merker vi oss at det nå er bare en vegklasse for en-sporet veg, nemlig vegklasse III med kjørebane på 3,0 m + 2 x 0,5 m banketter. Med 4,0 m total bredde håper en det klart vil framgå at vegen er en enfelts veg, slik at de farlige situasjoner en nå ofte ser når biler møtes på veger med bredde mellom 4 m og 5 m, kan elimineres.

Selv om hovedsiktemålet med forskriftsendringene har vært å redusere kostnadene med vegbyggingen, håper en samtidig at de nye vegbreddene vil gi mer miljøvennlige traséer og penere terrenginngrep. Dette vil nok de lempeligere krav til linjeføring også bidra til.

En går jo nå også sterkt inn for bygging av separate gang- og sykkelstier, og tanken her er at det må både være tryggere, miljømessig bedre, og kanskje også billigere å bygge disse separate enn å trekke de inn som en utvidelse av selve vegprofilen - slik de tidligere vegklasser kanskje innbød til.

# Trafikksikkerhet

Også i dei to siste numra av "Veg og Virke" har det vore innlegg om denne aksjonen. Her skal vi berre kort nemne nokre tiltak som kan vere med å redusere telet på vegtrafikkulykker:

1. Vi må ikkje gå på veg i mørke utan å bruke refleksbrikke og/eller refleksband.
2. Dei som arbeider på og ved veg må bruke orange arbeidstøy, som er langt lettare å oppdage for bilførarane enn mørke klede.
3. Alle maskiner på ein arbeidsplass langs ein trafikkert veg må bruke gult roterande blinklys.
4. Oppmerkinga av gangfelt må haldast vedlike så lenge det er råd.
5. Dersom det framleis er skilt som er gøymt bak vegetasjon eller elles har ei uheldig plassering, må dette no bli retta på.
6. Vi må vere meir merksam på å halde skilta reine.
7. Vidare vil vi minne om dei meldingane om vintervedlikehald som sist vinter vart sendt herifrå. Vi vil her berre nemne at det må brøytast like godt for gang- og sykkeltrafikken som for biltrafikken, at snøen vert lagra på stader der dette ikkje medfører for sterk reduksjon i frisishta ved kryss og gangfelt, og at friksjonsforholda på vegen i tilknytning til gangfelt bør vere best mogleg (strøing).
8. I særskilde kryss og andre stader der vi v e i t at sikttilhøva og tryggleiken vert serleg dårleg når brøytekantane kjem, må ein no snarast råd freiste å fjerne masse eller gjere andre tiltak som kan betre sikta til vinteren.

# Bankettutlegging

Etter at fast dekke legges på vegene våre er det meget viktig at dekkekanten støttes opp med å etterfylle grus eller oljegrus på bankettene, slik at den farlige kanten som oppstår her elimineres.

Arbeidet med å etterfylle grus eller oljegrus på bankettene har til nå vært nokså tidkrevende - og dyrt. Vanlig metode har vært å nytte en lastebil med sidetipp og folk med krafse og rive til jamning og puss.

Vegsentralen har nå gått til innkjøp av en bankettutleggemaskin som i sommer for første gang har vært nyttet på anlegget Toven-Rausand. Utleggeren henges bak på en lastebil med spesialfeste - forøvrig en enkel montering, og maskinen betjenes av 1 - 2 mann som har til oppgave å passe på at matingen er tilfredsstillende.



Resultatet av "prøvedrifta" på Toven - Rausand er ytterst lovende, både hva utseende og økonomi angår. En kom opp i en gjennomsnittskapasitet på nele 1 400 km bankett ferdig lagt pr skift og total kostnad inklusiv ca 0,03 vlm<sup>3</sup> grus, ble bare kr 1,27 pr ferdig meter bankett.

Leif Husby

9. Til slutt vil vi berre minne om: BRUK BILBELTE !
- fordi armene i k k j e k a n ta imot når farta er over 10 km/t -
  - fordi bilbeltet k a n ta imot heilt opp til 80 - 90 km/t -.

Magne Flemsæter og Svein K. Solbjørg

# Pensjonisttur

Også i 1974 fikk Samarbeidsutvalget og administrasjonen ved Møre og Romsdal vegkontor anledning til å invitere en del av fylkets pensjonerte vegarbeidere til en liten tur og etterfølgende festlig samvær.

Nærmere bestemt var det denne gang pensjonister fra Volda/Ørsta-regionen som den 4. september ble ønsket hjertelig velkommen til en busstur strekningen Ørsta - Volda - Folkestad - Fyrde - Volda - Ørsta. De fleste av deltakerne, både anleggs- og vedlikeholdsfolk, var nok fra før velkjent med mesteparten av ruta. Likevel kunne vi by på en helt ny vegstubb, nemlig strekningen Bjørneset - Høydalsnes. Dertil framsto 4 km av vegen mellom Fyrde og Selvikberget i ny og utbedret utgave, og med "rykende ferskt" 6 m bredt asfalt-dekke.

Vegsjefen var utmerket guide og veghistoriker under turen.

Samværet ble avsluttet med herlig middag og kaffe på "Viking Fjordhotell". Her gikk praten livlig, og det var tydelig at pensjonistene her hadde funnet hverandre igjen.

Møtende medlemmer fra vegadministrasjonen og Samarbeidsutvalget hadde både glede og faglig utbytte av turen, og vi lever i det håp at også de innbudte deler denne oppfatningen.


En fjær i hatten vil vi gi til MRF som uoppfordret bør på gratis ferjetur for buss og passasjerer på strekningen Volda - Folkestad.

## AVSKJED FRA VEGVESENET

I den senere tid har en rekke av våre vegarbeidere trukket seg tilbake fra aktiv tjeneste og er gått over i pensjonistenes rekker.

En slik begivenhet ble markert ved en enkel tilstelning på Fjellstova, Ørskogfjellet 27. juni 1974, der 5 veltjente medarbeidere ble hedret med vegvesenets diplom og minnegaver.

Overingeniør Paul Bølset takket de fratredende for den interesse og plikttroskap de hadde utvist i sin tildels lange tjenestetid, og ønsket dem alt godt i deres forestående pensjonisttilværelse.



De 5 som ble hedret ved denne anledning var  
 Lars Valbø, Sjøholt, 366 måneders tjenestetid  
 Mikal Valbø, Sjøholt, 340 måneders tjenestetid  
 Hilmar Kvammen, Stordal, 317 måneders tjenestetid  
 Petter J. Tennfjord, Sjøholt, 424 måneders tjenestetid  
 Ole P. Gjerde, Innfjorden, 215 måneders tjenestetid

Veg og Virke slutter seg til de gode ønsker for våre nye pensjonister.

# Pensjonsnytt

I den senere tid har det skjedd ganske mye nytt i "pensjonssektoren". Ja, så mye nytt dukker opp at en stakkars "kontorsliter" har besvær med å holde oversikten og bli i stand til å viderefordre informasjonen om nyhetene til de som direkte berøres.

Slik informasjon må betraktes som betydningsfull, da det jo dreier seg om livsviktige spørsmål som kanskje spesielt de eldre arbeidstakere vil være opptatt av. Virkningene etter nedsettelsen av pensjonsalderen til 65 år for de tarifflønte



arbeidstakere har begynt å gjøre seg gjeldende, og en rekner med at bl.a. pensjonsinformasjonen nr. 2/74 av "Veg og Virke" har bidratt til reaksjonene.

Av særlig interesse denne gang er den melding som nylig er mottatt fra Statens Pensjonskasse om at det er fastsatt nye innskudds- og pensjonsgrunnlag for de overenskomstlønnte arbeidstakerne. De nye grunnlagsklasser som er

bygget opp etter samme mønster som regulativet som gjelder for de regulativlønnte arbeidstakere, skal gjøres gjeldende med virkning fra 1. juli 1974. Av plasshensyn kan en ikke ta inn detaljer vedrørende grunnlagsregulativet i "Veg og Virke". Så snart arbeidstakerne i respektive yrkesgrupper er blitt registrert innenfor nyordningen, vil imidlertid hver enkelt etter hvert kunne få

opplysninger om sin plassering m.v. i innskudds- og trekk-regulativet gjennom vedkommende oppsynsmann eller vegmester. For pensjonerte arbeidstakere som er fratrukket etter 1. juli 1974 og hvis pensjonskrav allerede er sendt vedkommende pensjonsinstitusjon, vil det være verdt å merke seg at disse vil få sine pensjoner automatisk regulert i samsvar med de endrede grunnlagsplasseringer.

Som følge av bl.a. av nevnte endringer har Statens Pensjonskasse gitt pålegg om at det skal gis spesifiserte opplysninger om grunnlagsplasseringen i pensjonssøknaden - d.v.s. at dersom en arbeidstaker f.eks. har pendlet mellom anlegg - vedlikehold skal det foruten den grunnlagsklasse som er påført ved fratreden, også angis på søknadsskjemaet de antall tjenestemåneder eller år vedkommende har arbeidet i andre yrkesgrupper. Pensjonen blir utregnet ved samordning av de ulike grunnlagsplasseringer. Her kan det nok melde seg visse problemer, men disse vil en forsøke å løse på beste måte etter hvert som de melder seg i samband med de løpende krav om pensjon.

Sverre Hjelvik

## *Vi gratulerer*

følgende medarbeidere som i løpet av høsten og førjuls-vinteren passerer åremålsdager:

### 50 ÅR

Lars Sorte	6260 Skodje	10. oktober
John E. Misfjord	6390 Vestnes	28. oktober
Tore Grande	6216 Geiranger	10. november

### 60 ÅR

Einar Frøysadal	6218 Hellesylt	2. oktober
Torstein Stornes	6470 Nauste	2. oktober
Gudmund Grande	6017 Åsestranda	2. november
Karsten Dalen	6084 Larsnes	26. desember

**VÆR INGEN STRIBUKK !**



**BRUK REFLEKS !**